



## Referat SU-møte tysdag 26.september 2017 kl.19.30-20.30

Oppmøte: Gøril Urdahl, Nina Karin Lerum, Svein Tore Heltne, Simen Vigdal, Gjermund Lindskog, Geir Paulsen, Turid Melheim, Marit Fuhr, May Iren Prestegård.

Fråvær: Anne Verlo, Lena Stai Bolstad, Håvard Vinda

Stad: møterommet i samfunnshuset.

Referent: Eli Hansen Moen

### **1-17/18: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjend.

### **2-17/18: Ordens- og åtferdsreglementet, endringsforslag**

Endringsforslag, pk.4: *Bruk sms eller melding på Visma Flyt Skole dersom elevar skal søkja seg fri inntil 2 skuledagar. Skal eleven vere borte lengre, skal dei føresette søkje rektor om permisjon på eige skjema (Opplæringslova §2-11). Skjemaet ligg på skulen sine heimesider.*

Forslag på tilleggstekst: *Reglane gjeld også på skulevegen.*

Begge endringsforslaga vart vedteke.

### **3-17/18: Årsplan for barnehagen 2017-18, vedtak**

Godkjend.

### **4-17/18: Konstituering**

Leiar: Svein Tore Heltne      Vara (viss politkar): Inge Magne Otterhjell

Nestleiar: Nina Karin Lerum

Politkar LK: Geir Paulsen      Vara: Svein Tore Heltne

Arbeidsgjevar LK: Eli Hansen Moen, skrivar

Medlemar: Gunnar Orrestad, Anne Verlo, Lena Bolstad, Marit Fuhr, Håvard Vinda, May Iren Prestegård, Simen Vigdal (elevråd), Gjermund Lindskog (elevråd)

### **5-17/18: Årsplan for SU 2017-18**

3 møter per skuleår, eventuelt fleire ved behov. Neste møte: tysdag 30.01.18 kl.19.00

**6-17/18: Politisk nytt**

Geir orienterte om økonomi/budsjett og kutt, samt arbeidet med ein skulebruksplan.

**7-17/18: Ymse**

- Kort opplæringsøkt i korleis FAU og særleg SU kan fungere og kva rolle ein har som medlem.  
Kjelde: FUG

1 vedlegg:

Ordensreglement Luster skule, vedteke 26.09.17

## Vedlegg 1

### **Felles ordens- og åtferdsregler for Luster skule**

1. Alle klassane skal ha eigne klasseregler (Opplæringslova §9A)
2. Snøballkasting er berre lov på oppsett blink.
3. Søtsaker som snop og brus skal berre nyttast etter avtale med skulen, elles ikkje.
4. Bruk sms eller melding på Visma Flyt Skole dersom elevar skal søkja seg fri inntil 2 skuledagar. Skal eleven vere borte lengre, skal dei føresette søkje rektor om permisjon på **eige skjema** (Opplæringsloven §2-11). Skjemaet ligg på skulen sine heimesider.
5. Utstyr elevane tek med seg på skulen, er dei sjølv ansvarleg for.
6. Elevane har i utgangspunktet ikkje lov til å ha mobil på skulen. Dersom eleven ved spesielle høve treng å ha med mobilen, skal den liggje avslege i sekken.
7. Elevane skal ha med bøker og rett utstyr til skulen (t.d. gym.klé, uteklé).
8. Elevane skal ha bokbind på bøkene dei lånar av skulen.
9. Elevane skal vera ute i friminutta om dei ikkje har fått anna beskjed.
10. Gongane er stilleområde. Me går stilt og fint frå rom til rom.

Reglene gjeld også på skulevegen.

FAU og SMU ved Luster oppvekstsenter oppmodar alle føresette til å følgje Trygg Trafikk si anbefaling om å vente til barnet er 10 år før det syklar utan vaksne til og frå skulen.

*Hugs: Ver mot andre slik du vil at dei skal vere mot deg! ☺*

### **Konsekvensar ved uønskt åtferd ved Luster skule**

**For mindre alvorlege brot på reglane gjeld følgjande:**

Ein elev kan ved mindre alvorlege brot på reglane miste ulike gode, eller saka kan få andre konsekvensar. I utgangspunktet skal konsekvensane hengja saman med regelbrotet, for eksempel få «time-out» frå aktiviteten eller gjere ferdig arbeid i friminuttet.

For meir alvorlege regelbrot gjeld same reglar som for Lustraskulen.

### **Gode som elevar kan oppnå ved Luster skule**

Dersom elevar gjer arbeidet sitt godt, oppfører seg bra og følgjer reglane på skulen, kan dei oppnå ulike gode som belønning. Goda kan vera både individuelle og gjelda heile grupper. Goda skal bli delt ut på ein rettferdig måte, og krava til elevane skal vera oppnåelege, for eksempel «BRA-kort».